
Fra: Hans Atle Svenheim <ha-atles@online.no>
Sendt: 22. januar 2017 16:39
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Kjersti Wiik
Emne: Re: Påskekonsert i Knarvik kyrkje med med Seim songkor, Kjersti Wiik, Hildegunn Sylta og William Kay

Hallo igjen i Lindås kommune.

Eg fekk ikkje lagt med budsjett for konserten i Knarvik kyrkje i farten. Slik er det med oss lekfolk som er glade i god musikk og vil bidra med det me kan for å få høve til å høyra slikt. Eg kjem såleis tilbake med søknaden på ny når eg har fått oversendt budsjettet.

Med venleg helsing
Hans Atle Svenheim

22. jan. 2017 kl. 16.18 skrev Hans Atle Svenheim <ha-atles@online.no>:

Hans Atle Svenheim

Postboks 112
5931 Manger

Tlf.: 413 25 009

Lindås kommune
Avdeling for kultur

Konsert i Knarvik kyrkje i påsketida 2017

For omlag halvanna år sidan var eg i kontakt med Kjersti Wiik, William Kay og Kjersti Wiik om å få framført ein konsert med nyare kyrkjemusikk omkring påske ifjor. Den opprinnelege tanken vår var at konserten skulle framførast i samband med nyopninga av Manger kyrkje og svært gjerne også i Knarvik kyrkje same helg. Ombyggjing og nyopning av Manger kyrkje strakk ut i tid. Musikarar og kor fekk mange andre åtgjerder utover hausten fram mot den tida kyrkja endeleg skulle bli ferdigstilt. Etter kvart kom me fram til at konsertprogrammet ville høve betre i Knarvik kyrkje enn Manger sidan det var snakk om musikk frå vår tid og at Knarvik ville vera ein meir sentral stad og med eit svært eigna kyrkjelokale for denne typen konsert, i «Katedralen i Nordhordland», som ein aktørane kalla Knarvik kyrkje. Men denne musikken er komplisert og svært tidkrevjande å øve inn, så Kjersti Wiik saman med Tove Anette Holter i Seim songkor kom fram til at dei denne gongen ynskjer å framføre ein meir tradisjonell konsert med påskerelatert sakral musikk.

Me har fått avsett tid i Knarvik kyrkje til laurdag 18. mars frå kl 18.00

Som kjent kostar det å få i stand og å framføre ein konsert med mange aktørar. Me meiner at dette tidspunktet vil passe fint og satsar på marknadsføring i lokalavisene og med plakatar i sentrumsbygg i Nordhordland. Me vil gå for ein billettpris på kr. 250.-.

Det er uansett umogleg å kunne forespegla kor store billettinntekter me kan venta, og sidan ei rekkje utgifter må dekkjast inn for eit slikt arrangement vil me gjerne søkja Lindås kommune om økonomisk støtte. Kommunen har kanskje ein standard på kor mykje

ein eventuelt løyver i støtte til eit slikt arrangement. I så fall vil me be om støtte i høve til kva administrasjonen vil fastsetja som høveleg.

I tilfelle økonomisk støtte, vil eg be om at beløpet vert overført Seim songkor øyremarka denne konserten, fordi dei som organisasjon har styre og kasserar.

Programmet for konserten er presentert nedunder, og me vonar på positiv tilbakemelding frå Lindås kommune om økonomisk støtte. Alle monner drar, som det heiter. Dei økonomiske nedgangstidene har ført til total sponsortørke frå næringslivet.

For Seim songkor med Kjersti Wiik, Hildegunn Sylta og William Kay

Hans Atle Svenheim

PROGRAM:

SEIM SONGKOR TOVE HOLTER JOHN WILLIAM KAY HILDEGUNN
S.SYLTA KJERSTI WIIK **18.-19.MARS 2017**

STABAT MATER (PERGOLESI)	4,0 min	2 solistar og orgel
HYMNE Hør mein bitten Herr (Mendelsohn)	11,5 min	Kor, solist og orgel
BLUTE NUR (BACH, arie frå Mateuspasjonen)	4,0 min	Solist + orgel
3 koralar av Bach	12,0 min	KOR + orgel
ICH FOLGE DIR GLEICHFALLS (Arie frå Johannes-pasjonen, Bach)	4,0 min	Solist + orgel
ORGELSTYKKER	8,0 m.	Organist
Seim songkor	20,0 m.	
Solosongar av Mendelsohn/Reger	12,0 m.	Solist+ organist
TOTALT		75,5 m.

I tillegg kjem Pie Jesu for kor og solistar. L.Webbers versjon.